

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	27	Fylke:	Oppland
Tilleggsspørsmål nr.		Herad:	Etnedal
Emne:	Fisk i kosthaldet	Bygdelag:	Heile bygdi
Oppskr. av:	Lærar Martin Lundstein	Gard:	
(adresse):	Bruflat	G.nr.	Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. i samråd med
Ingrid Sortungstad, Bruflat, bondekone, 82 år.
B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR
Saltvansfisk
I

Fisk har, so langt attende nokon veit, aldri vore brukt som bytemiddel her.

2

Mange reiste heilt til Lærdal i gamal tid for å kjøpe fisk. Det var tørrfisk og sild dei kjøpte.

Her er ei historie, som vart fortald frå den tid: Nokre bönder herfrå var komne på Öyri (Lærdalsøyri,) skulde kjøpe fisk. Medan dei held på gjorde i stand lassi sine, fekk dei sjå ein stor pen svartkledd mann, som spaserte att og fram i vegen der. Det likna til å vera ein prest, meinte dei. Högt oppe flaug det eit par korpar og skreik. Med eit stogga mann og spurde: "Er det nokon av dykk som heiter 'Arne Hestkind?'" Ja, ein av dei heitte det. "Korpen seier at björnen har rive sund to kjyr for honom," sa mannen. Da dei kom heim, fekk dei höyre at det var so. Denne historie har gjenge her i bygden for å vera sann.

3

I gamal tid vart det ikkje kjøpt fersk sild her, men no blir det kvar vinter kjøpt slik i butikkarne og fiskebil og bruk med det same, ikkje nedsalta eller nedlagd. Tørrfisk og salt sild blir framleis brukt her, men no er det butikkarne og fiskebil, som skaffar ein det.

4

Forutan dei for nemde fiskeslagi blir det no kjøpt

2

noko torsk og sei ,og sumarstid blir det brukt aure og abor,
som folk fiskar sjölv.

5

Ein og annan kjöper fisk beinvegs frå fiskedistrikta.fordi
dei meinar dei der får den litt billigare.Det er torsk og
sild,som dei har skaffa seg på òen vis.

6

Her brukar dei meir fisk no enn för,av di det no er lettare
, få kjøpt enn för.

8

Dei aller fleste likar best den ferske fisken.

9

Laks har aldri vore brukt som kvardagsmat her ,og er det ik-
kje no heller.Den kan vera å sjå på bordet her ein og annan
gong i eit fint lag ,elles ikkje.

10

Me har her ingen kjennskap til uetande saltvassfisk.

Ferskvassfisk

II

I elvar og vatn her har me berre abbor og aure,og i sume
vatn litt sik.Anna fiske går ikkje for seg her.Slik har det
vore frå gamal tid.

12

Det var fiska jamleg vår,sumar og haust,aldri vinterstid.

Konservering av fisk.

Saltvassfisk

13-14-15.

Konservering av saltvassfisk og sild er ukjent her.

Ferskvassfisk.

16

Både aure og abbor har dei frå gamalt og likeins no nedlagt
til rakerfisk.Men auren er sjolvsagt gjevest.Den er vanleg
jolemat her.

Korleis ein lagar fisken til,

17

Det blir brukt mest ~~kokt~~ fisk,men småfisken blir mest all-
tid steikt.

18

Fersk fisk har her alltid vore kokt i vath med ein neve salt
i,dersom òen var usalta.Hadde den legje i salt ei stund,vart
det helst ikkje brukt salt i vatnet.

II

19

Fisken vart steikt i ei panne med smör som feit! Annan steikingsmåte kjenner me ikkje.

Lutefisk.

20

For 10-15 år sidan tok mange til å kjöpe ferdig lutefisk,

För luta alle den sjölve. Men berre i dei måna ënne som ~~det~~
~~har~~ ^{måndagane} r ikkje kunne ein blöyte fisk, sa dei gamle.

Fiskesuppe

Fiskesuppe har vore før, og er framleis vanleg her. Ein må helst kalle ho ein gamal rett. Her brukast ikkje mindre fiskesuppe no enn før, og den bli laga både av ~~av~~ fersk ~~eggeskallt~~ fisk, og den som brukast her lagast slik: Vatnet som fisken er kokt i blir tilset fløyte og eggeblomme, smör og mjölk, graslauk, muskatblomme og gulrot.

23

Mest all fiskesuppe her blir laga av ferskvassfisk.

Sild

24

I gamal tid tok dei silda opp av tynna, vaska av laken, og sette ho på bordet, og vart eten med potet og flatbrød til. Surmjölk vart oftast brukt attät. Sild kunne dei ha ein og stundom to gonger i veka. No brukar mange å steike sildi i panne, og det blir som oftast brukt smör til.

25

Sildegryn har dei ikkje laga her.

Fiskemat

26 - 27

Ein og annan lagar og hermitesarar no fiskepudding og fiskebollar. Det er ingen gamal måte her å nytte fisken på. Det kan vera 30-40 år sidan det fyrste gong vart gjort. No kjøper folk ferdiglagda fiskepudding, fiskekaker og fiskebollar, både ferske og hermitesera.

Serskilde fiskerettar

28

Fiskelever blir ikkje brukt til mat her.

29

Kams, kamsemylju osv. er ukjent her. **NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING**

5782

30

Me veit ikkje av at nokon her har brukta lever til steikefeit.

Sjå under 28 og 30.

³²
Mjölke brukar dei ikkje til mat her, men rogn blir nytta, salta og steikt brukast den ofte og av mange til smörbrödpålegg.

³³
Bollar av mjöl og torskerogn har ikkje vore brukt her. Rognkake steikt i vaffeljarn er og ukjent her.

^{34 - 35}
"Rav" kjenner me heller ikkje til. Heller ikkje rett som svarar til "longstuven hin lange,"

³⁶
Dei deler av fisken som ikkje nyttast til folkemat, blir brukt til mat for hund, katt, höner eller gris.

Skaldyr.

³⁷⁻³⁸
I finare lag har hummer vore brukt her stundom, mest som postei, men berre i siste mannsalder. Krabbe, reke, bläskjel og andre muslingar har aldri vore brukt her.

5782